



Bjørn Harald Korsfur
Hestegjerdet 10
5955 LINDÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2718 - 16/26038

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

20.09.2016

Avvising av mangelfull søknad - gbnr 108/362 Lindås

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar: Bjørn Harald Korsfur

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, Velg et element.

Tiltak

Saka gjeld søknad om 2 forstøtningsmurar.
Det vert elles vist til søknad motteken 13.09.2016.

Planstatus

Tomta ligg innafor bustadformål i Reguleringsplan for Kolås 3.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Vatn og avløp (VA), tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Tiltaket fører ikkje til endra auka bruk.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

1. Søknad er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det må også nabovarslast til gbnr 108/572 og gbnr 108/573.

2. På innsendte situasjonsplan er det ikkje ført på målverdier for muren eller avstandsmål til tomtegrense.

3. Dispensasjonsøknaden er ikkje grunngjeve. Kommunen kan difor ikkje ta stilling til søknaden jf. Pbl § 19-1.

4. I tillegg til søknad om dispensasjon i frå byggjegrænse, må det også søkast om dispensasjon i frå reguleringsføresegn § 10 vedkomende maks tillatte høgde for mur i området er 80 cm.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



5. For at administrasjonen skal kunne vurdere søknaden må det sendast inn tverrprofil av mur og terreng. Her må eksisterande terreng synast og nytt terreng synast.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om 2 forstøtningsmurer avvist. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2718

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn Harald Korsfur

Hestegjerdet 10 5955

LINDÅS